

## Per Platou

### SKOGEN / What happened in the Woods - installasjon

Gruppeutstillinga *Guttestrekar?* på Hå gamle prestegard sommaren 2009 var første gong me traff Per Platou. Som 1 av 18 inviterte kunstnarar utfordra han utstillingsrommet med ein lydinstallasjon. Ved hjelp av høgtalarar og ein bevegeleg mikrofon vert publikum ein del av installasjonen. Neste gong me traff Platou var på Obrestad fyr sommaren 2010 med utstillinga *Jonny Winklers kanon*. Ved hjelp av enkle rekvisittar og eit titals usynlege høgtalarar plassert rundt i fyrbygningen fekk me eit innblikk i kvardagen til ein tysk soldat under andre verdskrigen. Me fekk berre vink og hint av lyd. Me høyrte hundeglam utanfor døra i kjellaren, gamle songar frå krigsåra, det levde inni den store trykktanken og det gamle maskinrommet vart fylt med ein låg dunkande hjarterytme. Fyret pulserte, det var i live og busett.

Det tredje møtet blir igjen på Hå gamle prestegard – aleine på nye løa. Løa på prestegarden er eit stort, mørkt rom med ei takhøgde som strekk seg fleire meter over betonggolvet. I dette nesten sakrale rommet installerer Per Platou sitt nye prosjekt. Ved hjelp av mikrofonar på utsida og høgtalarar på innsida vil me høyra vinden, som er så sterkt til stades på Hå, inne i utstillingsrommet. Me vil høyra sjøbrus og måkeskrik, passerande bilar og lågtflygande helikopter. Men naturen er ikkje berre til stades som forsterka lydar frå utsida. Naturen er teken inn i utstillingsrommet. Eit stort tre vil få ein sentral plassering. Me vil finna parallellar både til utstillinga på Obrestad i fjor og til gruppeutstillinga på Hå gamle prestegard i 2009.

#### **Kunstsnaqq 1. september kl. 18.00-21.00**

Førvising av utstillinga til Per Platou og presentasjon av boka "Surrounded by something" med tekstar av, Rahma Khazam, Carsten Seiffarth, Gustav Deutsch m.fl. Kaféen er open - sal av kveldsmat. Fri entré.

Utstillingane på Hå gamle prestegard står til 16. oktober 2011.

